

Foto: Universitetet i Bergen



BergenLys – humane vekstfaktorer til stamcelleterapi

Stamcelleterapi gir nye moglegheiter for behandling av ei rekke tilstandar, som til dømes diabetes, kreft, ulike nervesjukdommar og vevsregenerasjon. Millionar av pasientar vil dra fordelar av behandling med stamceller.

Løysinga

Dyrking av humane celler til stamcelleterapi og regenerativ medisin krev høg kvalitet. Mediet som cellene veks i treng ekstra vekstfaktorar. Idéen er å bruke utdaterte blodplatekonsentrat frå blodbanken for framstilling av platelysat; BergenLys, som inneheld vekstfaktorar som cellene treng. Framstillingsmetoden inneber nye tilnærmingar til kjende produksjonsmetodar.

Pilot

Det er utført to pilotstudiar for å finne optimal produksjons-prosess og for å teste kvaliteten på produktet. Resultata syner betre vekst ved dyrking av humane stamceller samanlikna med kommersielt tilgjengelege produkt som inneheld vekstfaktorar frå dyr.

Nytte

Stamcellebehandling vil kunne betre livstilhøvet for mange pasientar. Bruk av platelysat gjer: betre cellevekst, mindre fare for overføring av allergen og mikroorganismar, betre dyrevelferd og optimal ressursbruk.

Finansiering

Tildelt innovasjonsmidlar kr. 800 000,- i 2019 i frå Helse Vest.

Samarbeidspartnarar

Bergen Stem Cell Consortium (BSCC), Helse Bergen.
 Institutt for klinisk odontologi, UiB.
 Bergen Teknologioverføring (BTO).

Kontakt

Tor Hervig, overlege/professor, Avdeling for immunologi og Tranfusjonsmedisin, Laboratoriklinikken, Haukeland universitetssjukehus
 e-post: tor.audun.hervig@helse-bergen.no

